

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Førde HF

DATO: 10.06.2020

SAKSHANDSAMAR: Anne Kristin Kleiven/ Guro Mjanger

SAKA GJELD: Statusrapport innovasjon i Helse Førde

ARKIVSAK: 2020/5347

STYRET:
Styret i Helse Førde HF

MØTEDATO:
19.06.2020

STYRESAK:
043/2020

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret tek administrerande direktør sin halvårlege statusrapport om innovasjon i Helse Førde til vitende.

Oppsummering

Administrerande direktør legg med dette fram halvårsrapport for arbeidet med innovasjon i Helse Førde.

Helse Førde har siste halve året halde fram med å styrke innovasjonsarbeidet med fleire aktivitetar. Fleire prosjekt har fått innovasjonsmidlar frå Helse Vest, og er i gang. Det vert arbeidd med å gjere omgrepene innovasjon betre kjent, og ikkje minst korleis ein kan få fram og jobbe med idéar. Det er tett dialog mellom føretaket og Kunnskapsparken Sogn og Fjordane som gir råd og rettleiing på innovasjonsfeltet. Helse Førde legg vekt på å styrke samarbeidet om innovasjon med eksterne partar innan utdannings- og forskingssektoren og næringslivet. Tydelegare føringar nasjonalt, regionalt og lokalt bidreg til å styrke innovasjonsarbeidet. Arbeidet er også styrka ved auka stillingsressurs rådgjevar for innovasjon. Helse Førde har delt stilling med Høgskulen på Vestlandet, og avtale om samarbeid på dette området. Kompetansen innan innovasjon er generelt styrka i avdelinga ved nyttilsetjingar, og det er tilsett traineestilling med dette fokuset som startar hausten 2020.

I samband med koronakrisa har Helse Førde sett seg sjølv på kartet gjennom lansering av appen «Pust deg bedre». Dette er eit digitalt verktøy for lungesjuke, men som også vil vere til god hjelp for pasientar som opplever luftvegs- og slimproblematikk knytt til korona. Dei kronisk lungesjuke er sårbare i denne krisa fordi dei ikkje har fått like regelmessig oppfølging frå fysioterapeutar som dei brukar å få. Denne appen er eit godt middel til å styrke eigenbehandlinga. Lanseringa har skjedd i samarbeid med Helse Vest IKT og Helsedirektoratet. Appen vart tilgjengeleg på app store og google play i påskeveka, og berre dei to første vekene hadde han godt over tusen nedlastingar. Det vitnar om at det er behov for dette verktøyet.

Appen vart også lagt ut på helsenorge.no i starten av juni, og det er laga ei eiga nettside www.pustdegbedre.no.

Føretaket vil framover styrke og vidareutvikle dei strukturane som er under etablering, samt prioritere og vidareutvikle kulturarbeidet for forbetring og innovasjon i heile føretaket. Helse Førde kjenner sitt samfunnsansvar og er opne for – og tek initiativ til - samarbeid med omverda og næringslivet. Administrerande direktør og andre representantar for Helse Førde deltek på nye møtearenaer der vi tidlegare ikkje har vore synlege.

Vurdering

Helse Førde arbeider aktivt for å styrke innovasjonsarbeidet. Samstundes må vi erkjenne at vi framleis er i startgropa på dette området, og at vi stadig møter utfordringar knytt til mellom anna regelverk og jus. Innovasjon involverer gjerne samarbeid med private næringslivsinteresser. Vi er avhengige av eit nært samarbeid med mange aktørar – både i og

utanfor spesialisthelsetenesta – for å få til eit godt og forsvarleg arbeid innan innovasjon. Dette gjeld mellom anna Sjukehusinnkjøp, Helse Vest, Kunnskapsparken, Høgskulen og UH-sektoren.

Konklusjon

Administrerande direktør si vurdering er at Helse Førde er på rett veg for å oppfylle føringane for innovasjonsarbeid.

Vedlegg:

1. Innovasjon i Helse Førde, statusrapport juni 2020